

## GJENNOMFØRING AV TILSYN AV HEIMEUNDERVISNING

Dette er ei konkretisering av rutinen for tilsyn av heimeundervisning i Volda kommune. Jfr opplæringslova § 14-3, har kommunen heimel til å føre tilsyn med privat heimeundervisning. Bestemminga inneber at kommunen både har ein rett og ei plikt til å føre tilsyn.

1. Det skal vere eit samarbeidsmøte med foreldre 2-3 gongar per skuleår. Normalt skjer møta mellom foreldre og tilsynslærer på skulen.
2. Tilsynslærer set opp ein møteplan, og har ansvar for agenda for tilsynet. Foreldre skal ha høve til å uttale seg om innhaldet i samarbeidsmøtet.
3. Møtet/ tilsynet skal reflektere innhald i opplæringa (tiltak) og læringsresultat hos elevane (kompetansemål).
4. Det skal skrivast rapport frå kvart samarbeidsmøte/tilsyn. Kopi av rapport skal sendast til foreldre/føresette. Rapportmal er tilgjengeleg i compilo.
5. Dokumentasjon om heimeundervisning og rapportar frå tilsyn/samarbeidsmøte vert arkivert i kommunen sitt arkivsystem, samt sikker arbeidsflyt i det oppvekstadministrative programmet.
6. Det skal skrivast ein årleg hovudrapport. I rapporten må det takast stilling til om opplæringa er tilstrekkeleg eller ikkje. Den årlege rapporten skal sendast som kopi til foreldre og til Oppvekst.
7. Er det tvil om heimeundervisninga er tilfredsstillande, kan kommunen kalle eleven inn til særskilde prøver. Behovet for prøver må vere grunnlagt med tilsynsansvaret og det behovet kommunen har for å kontrollere at den opplæringa eleven får er i samsvar med læreplanverket.
8. Rektor må snarast kontakte Oppvekst når det er avdekka bekymring/uro knytt til eleven sin opplæringssituasjon.

### **Forslag til spørsmålsstillingar under tilsyn:**

- Korleis organiserer de undervisninga heime? Kor mykje tid, fordeling mellom fag, læremiddel/lærebøker, arbeidsmåtar, korleis kartlegge/vurdere fagleg progresjon mm.
- Kjennskap til læreplan, kompetansemål, grunnleggande ferdigheiter m.m
- Mål om tilbakekomst? Kva tenkjer de om vegen vidare?
- Ønskjer foreldre/føresette nokon form for råd/støtte/bistand frå skulen?
- Treng dei føresette å låne noko utstyr/læremiddel/kopiar av prøvemateriell mv.?